

1. Sjå første del av [Familie og følelser - YouTube](#) Sjå den fram til 1:50, der det går over til at familier ikkje alltid har det bra. Introduser den og sei at de skal sjå starten på ein film om familie.

Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg:



Kva ulike typar familiar finnast? (mange fleire enn dei på bildet!)



Kven kan ein kalle familie? (ingen fasit på denne, mange ulike meiningar)



Er alle i familien like? Korleis kan vi vere ulike innad i familien?

Vi treng ikkje vere like for å like kvarandre!

2. Teikn familien din!

La elevane teikne på ark eller i bøker. Dei kan sjølv velje kor stor familie dei vil teikne, om dei vil ha med dyr, eller besteforeldre eller andre. «Teikn dei du synes er din familie» Ikkje korriger dei, eller påpeik eller spør om det er nokon dei ikkje tek med. Spør eventuelt seinare om det er noko som undrar deg «Eg la merke til at du ikkje tok med ... når du teikna familien din. Vil du fortelje meg kvifor ... ikkje fekk vere med på teikninga?»

La elevane gjerne få presentere teikningane til kvarandre, og fortelje kven som er med i familien sin.

3. Gjer ei lita frosketidøving [Puste i dyrestillinger - YouTube](#)

4. Korleis blir ein familie til?

Sjå filmen [#lykkeligvitende om kroppen: Hvor kommer babyene fra? - YouTube](#) og snakk om ulike måtar ein familie kan bli til på. Ein ny familie kan også bli til ved at to foreldre med kvar sine barn flyttar saman, slik at ein får nye søsken å bu saman med. Denne videoen handlar om det [Musikkvideo: Vårt sted - Søskensjokk - NRK Super - YouTube](#)

5. Når familien ikkje har det bra. Sjå resten av filmen, men berre om de har minimum 20 minutt att av timen, og elevane ikkje skal rett heim etterpå. Sjå den eventuelt vidare ein annan time:

<https://youtu.be/ZUMk8CtsRjk?t=109>



Det er fint når alle har det bra i familien og det er hyggeleg å vere i lag.



Men det er ikkje alltid slik, nokon gongar er det dårleg stemning og ikkje hyggeleg.

Nokon har foreldre som drikk for mykje alkohol, slik at dei forandrar seg og det blir utrygt. Det kan vere vanskeleg for barn.

Nokon har foreldre som er sjuke, eller har vanskelege tankar og følelsar. Da kan det også bli vanskeleg å vere barn.

Og nokon har foreldre som kranglar veldig mykje. Det å diskutere litt og vere ueinige er heilt normalt, men mykje krangling kan opplevast skummelt for barn.

Det er også nokre foreldre som gjer ting mot barn som er vondt eller ekkelt. Som slår eller kniper, eller gjer andre ting som gir barnet vonde og vanskelege følelsar. Når barn opplever sånne ting er det viktig å fortelje det til andre vaksne.

Ikkje sånn til heile klassa, men til læraren, eller til helsesjukepleiar, eller andre vaksne som ein stoler på. For da kan barnet få hjelp, -

Og familien kan få hjelp til å ha det bra saman!

6. «Dette likar eg med min familie»

Kva i din familie gjer deg glad, - kva likar du godt? Er det noko de gjer saman? Er det nokon spesielle i familien eleven vil skrive/teikne noko om? Er det gode minner? Gode rutine? La elevane få teikne, skrive og eventuelt vise/fortelje

7. Lære engelske ord for familie

Sjå nokon av desse og finn enkle engelske ord om familie som elevane kan lære:

- [Kids vocabulary - Family - family members & tree - Learn English educational video for kids - YouTube](#)
- [My Family | Family Songs for Kids | Preschool Songs | JunyTony - YouTube](#) stopp før bursdagssong
- [Thank You Song | CoComelon Nursery Rhymes & Kids Songs - YouTube](#)

8. Bli med heim?

Serien Bli med heim på NRK Super er god for å vise kor ulike familiar som finnast. Finn gjerne ein eller fleire episodar som er relevante for elevane i di klasse. Eller sjå berre musikkvideoen: [Bli med heim-songen - NRK Super 2018 - YouTube](#)

9. Ein liten song om ulike familiar: [Familien - YouTube](#)